



Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
16/57642-9

Dykkar referanse:
16/520

Vår dato:
08.02.2018

Uttale til andre gongs offentleg ettersyn – Kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2017 – 2027

Statens vegvesen viser til andre gongs offentleg ettersyn av kommuneplanens sin arealdel for Austrheim kommune med frist 09.02.2018.

Vi viser til vår uttale til første gongs offentlege ettersyn av planen. I etterkant har kommunen gjort endringar i plankart og føresegner. Vi vil her kommentere dei endringane vi meiner ikkje er i samsvar med vår uttale.

Oppsummering av våre merknader til planen:

Byggjegrænse langs veg må vere i samsvar med Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesveggar i Region vest.
For så sikre mjuke trafikantar må rekkefølgjekrav til fortau/gang- og sykkelveg presiserast og knytast til løyve om igangsetting eller rammeløyve.

Byggjegrænse langs riks- og fylkesveg:

I våre merknader til første gongs offentleg ettersyn føreslo vi at Austrheim kommune måtte vurdere om dei sjølv ville handsame søknader om dispensasjon frå byggjegrænse mot veg. I så fall skulle rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser for riks- og fylkesveggar i Region vest leggest til grunn.

For å følgje opp dette har kommunen definert byggjegrænse 50 meter for fylkesvegane 565, 57 og 568. For dei andre fylkesvegane i kommunen er det sett byggjegrænse 15 meter. Dette er ikkje i samsvar med rammeplanen.

Vi meiner kommunen må legge til grunn det som er vedtatt i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune. Her er vegane i kommunen vurdert, og dei er definert til fire ulike

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

haldningsklasser. Byggjegrænse 15 meter er kun vurdert å vere aktuelt for lokale vegar som bare har lokal funksjon. Fylkesveg 419 er ein veg med haldningsklasse 3 (byggjegrænse 30 meter) i rammeplanen. Vår vurdering er at det av trafikksikkerheitsmessig syn er nødvendig å oppretthalde byggjegrænse 30 meter for mogeleg framtidig utbetring av vegen.

Når det gjeld andre avvik frå rammeplanen, vil vi vise til at fylkesveg 568 har haldningsklasse 3 med byggjegrænse 30 meter, noko som er mindre strengt enn føresegnene som føreslår 50 meter.

Fylkesvegane 418, 420 og 421 ligg i haldningsklasse 4, der byggjegrænsa er 15 meter. For desse vegane er det såleis samsvar mellom rammeplanen og KPA-framlegget.

Dersom kommunen legg til grunn i føresegnene at rammeplanen som er gjeldande på søknadstidspunktet skal gjelde for kommunen si handsaming av byggjegrænse saker, så vil i handsaminga av byggjegrænse søknader vere meir føreseieleg.

Forslag til føresegn:

Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse på riks- og fylkesvegar i Region vest er retningsgjevande for vegstyresmaktene si handsaming av plan- og enkeltsaker.

Statens vegvesen varslar motsegn dersom kommunen vel å ikkje endre føresegnene til kommuneplanens arealdel på dette punktet.

Omsynet til mjuke trafikantar – trafikksikkerheit

Til første gongs offentleg ettersyn hadde vi merknad til samferdsel og trafikksikkerheit der vi meinte kommunen måtte stille rekkefølgjekrav til reguleringsplanar for å sikre trygg skuleveg. Dette har kommunen til ein viss grad følgt opp. Vi meiner likevel det bør gjerast fleire presiseringar kring dette temaet, både for trygg skuleveg og når det gjeld avkøyrslar. Det er viktig at kommuneplanen blir eit godt verktøy for byggjesak- og planhandsaming i kommunen. Tydelege rekkefølgjekrav er eit godt og føreseieleg verktøy.

I § 1.5.2 er det stilt rekkefølgjekrav for område for bygningar og anlegg knytt til bruksløyve. Føresegnene er knytt til omsynet til mjuke trafikantar. Vi meiner derfor at rekkefølgjekrav må knytast til løyve til igangsetting eller rammeløyve. Vi ber kommunen endre dette og i tillegg legge til ei føresegn som gjeld avkøyrslar:

Forslag til ordlyd i ei ny føresegn under § 1.5.2:

Det kan ikkje gjevast løyve til igangsetting eller rammeløyve før:

Avkøyringar / kryss med samband til kollektivhaldeplassar og fortau / gang- og sykkelveg langs hovudveg er etablert.

I § 1.5.1 punkt f. er det stilt rekkefølgjekrav til trygg skuleveg. Men her er ordlyden at det «skal sikrast». Dersom ein flytter denne føresegna til § 1.5.2 vert ho knytt til igangsetting og

rammeløyve, og ein er med det sikra at tiltaket vert gjennomført i praksis, ikkje berre sikra gjennom planar eller avtalar.

I § 1.5.2 punkt b. gjeld interne fortau/gang og sykkelveggar. Kommunen bør vurdere om ein også bør presisere korleis trygg skuleveg kan sikrast. Til dømes med følgjande ordlyd:

Det kan ikkje gjevast løyve til igangsetting eller rammeløyve før:

Fortau / bilfri gang- og sykkelveg til næraste skule er opparbeidd

Statens vegvesen varslar motsegn til tema trafikktryggleik dersom kommunen vel å ikkje endre føresegnene til dette temaet.

Sykkelparkering:

I Nasjonal transportplan 2018–2029 er det eit eige kapittel som heiter «Barnas transportplan». Her står det at «*Regjeringen vil: – Legge til rette for at åtte av ti barn og unge skal velge å gå eller sykle til skolen.*» Vi meiner derfor at kommunen sine mål for sykkelparkering er for låge. Statens vegvesen rår til at § 1.6.8 i føresegnene legg inn eit krav om fleire sykkelparkeringsplassar enn det som står i forslaget. Det gjeld særleg skule og idrettsanlegg, men også andre knutepunkt i bygdene.

Oppsummering:

Statens vegvesen varslar motsegn til planen slik han ligg føre. Vi har vore i høyringsperioden vore i dialog med Austrheim kommune og vi oppfattar det slik at Austrheim kommune er einige i våre merknader, og er innstilt på å endre planen i samsvar med merknadene våre. Vi ser i møte ein god dialog med Austrheim kommune i denne saka, og reknar med at det kan løysast utan at motsegn blir sendt frå Fylkesmannen i Hordaland.

Statens vegvesen, Region vest

Med helsing

Helge Eidsnes
regionvegsjef

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Austrheim kommune, Sætre marka 2, 5943 AUSTRHEIM
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN